

Museum og forskning

Det er eit uttalt ønske at musea skal forske meir. Dette kjem mellom anna til uttrykk i den siste museumsmeldinga. Og ved mange museum ønskjer dei å forske, men alle vil ikkje satse like mykje, fortel Liv Ramskjær i ABM-utvikling. Ho ønskjer at musea får ein meir synleg plass i forskingsmiljøet.

INGJERD SKREDE



LIV RAMSKJÆR
Seniorrådgivar ved avdeling for museumsrådgiving, ABM-utvikling.

Foto: Jina Chang

–Slik det er i dag løyser musea dette på ulike måter. Nokre forskar mykje, andre ikkje i det heile teke. Heilt naturleg eigentleg, når vi ser på kor ulike musea er. Men det er fleire museumstilsette med doktorgradskompetanse no enn tidlegare, og musea melder tilbake at dei har vorte meir attraktive arbeidsplassar for folk med høgare kompetanse. Ei utfordring er å få til godt samarbeid med dei andre forskingsmiljøa, og det er vanskeleg å få midlar til forskning frå til dømes Forskringsrådet: Eit problem vi deler med museum i andre nordiske land, seier Ramskjær.

–Trass i dette har vi nokre spennande prosjekt som har fått midlar. Eg kan nemne Bergen Kunstmuseum der dei forskar på søppelkunst, og Museum Nord som forskar på kystkulturliv. For å stimulere forskinga i musea ytterlegare, har ABM-utvikling, i samarbeid med Riksantikvaren og Norsk kulturråd, dei tre siste åra gjennomført KAFF-prosjektet. Målet med dette prosjektet er å setje fokus på forskingsbehova innan kulturarvsektoren. I tillegg har ABM-utvikling og Norsk kulturråd starta pilotprosjektet «Forsking og museum» der vi har sett av nokre stimuleringsmidlar, og invitert eit knippe museum til å komme med framlegg til forskingsprosjekt i samarbeid med universitets- og høgskolesektoren, opplyser Ramskjær.



Foto: Jina Chang

Korleis har responsen vore?

– Ganske god. Vi fekk inn så mange framlegg at det ikkje var plass til alle på seminaret der prosjekta skulle bli presenterte og diskuterte. Utdjupande prosjektbeskrivingar er sende inn og vurderte, og vi har valt ut ei handfull prosjekt som skal vere ferdigstilte neste år.

Kva slags status har musea som forskingsinstitusjonar?

– Musea har ikkje så høg status som mange andre forskingsinstitusjonar, sjølv om dei tradisjonelt sett var ganske sterke. Bergen Museum var til dømes viktig i høve til utviklinga av universitetsmiljøa. Men for å få status må forskinga halde eit kvalitetsnivå som er høgt nok til at ho kan bli publisert i vitenskaplege tidsskrift, og på den måten vera med på å byggje opp ein synleg aktør i forskingsmiljøet. Mange publiserer berre i egne publikasjonar og årbøker, og desse er mykje mindre synlege. Dermed får dei ikkje den statusen ein får dersom ein publiserer innanfor «teljekantsystemet». Så eitt mål er å stimulere til publisering på dei rette stadene, og i dei rette publikasjonane, forklarar Ramskjær

Kva bør det bli forska på?

– Mykje museumsforskning har vore konsentrert på samlingane. Særlig innan kunstmusea, men òg i andre museum. På ei anna side er det ikkje gjort like mykje forskning om musea. Rett nok har studentar nytta musea som utgangspunkt i hovud- eller masteroppgåver om formidling, eller andre tema, men musea sjølv har ikkje gjort så mykje av denne typen forskning. Eitt døme er likevel Leiv Semb sin doktorgrad om debatten kring krigsminnet Falstad. Men vi ønskjer oss meir forskning der perspektivet er utanfrå.

Kvifor er forskning i musea viktig?

– Det er viktig for å generere kunnskap som vi kan bruke i formidling og i utvikling av alle sider av museumsarbeidet. Og sjølv sagt for å få meir kunnskap om dei samlingane som finst. Publiseringa er viktig for å gjere denne kunnskapen kjend for eit generelt publikum, men òg kjend for andre forskingsmiljø.

Kva plass har musea i forskingsmiljøet?

– Det vil variere i høve til kva type museum vi snakkar om. Men generelt vil eg seie at han ikkje er stor. Målet er derfor at vi skal gjere musea sin plass i forskingsmiljøet tydelegare og meir synleg, avsluttar Ramskjær.